



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 28.08.2019
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 11.30 – kl. 16.00

Møte i styringsgruppa for Områderegulering Lonevåg frå kl. 11.30.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Ordførar
Mortensen, Alf Terje	FRP	Varaordførar
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Jon Flydal Blichfeldt	MDG	Medlem
Kjersti Ingolvdotter Vevatne	V	Medlem
Hildegunn Mo	FRP	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen og utvalssekretæren.

Sakliste

Saknr	Tittel
058/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/19	Godkjenning av møtebok
060/19	Referatsaker og meldingar
061/19	Kommunedelplan for oppvekst 2. gongs handsaming
062/19	Små bueiningar Reigstad - ekstrabevilgning
063/19	Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS (DIHVA IKS) frå IKS til aksjeselskap
064/19	Vedtak av Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023
065/19	Skredsikring Votlo. Orientering om framdrift og kostnader.
066/19	Ny selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS frå 2020
067/19	Tildeling av KS sitt heidersbevis

Orientering i starten av møtet

Sektorleiar for oppvekst, undervisning og kultur, Ivar Sandgren, og leiar for Familiens hus, Bettina Nordahl, gav ein presentasjon om klima- og miljøprosjektet «Berekraftig utvikling». Prosjektet er retta mot barn og unge i barnehage og i skulen. Gjennomgåande tema for prosjektet er folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap, klima og miljø og samtidig satsing på desse områdene.

058/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

28.08.2019 FORMANNSKAPET

Det vart meldt inn nokre spørsmål mot slutten av møtet.

Innkalling og sakliste vert godkjend.

FS - 058/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

059/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 19.06.19 vert godkjend.

28.08.2019 FORMANNSKAPET

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå møtet 19.06.19.

FS - 059/19 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 19.06.19 vert godkjend.

060/19: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 060/19 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

061/19: Kommunedelplan for oppvekst 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Heradsstyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 kommunedelplan for oppvekst, Osterøy kommune, planID 12532015008 med planbrosjyre, kunnskapsgrunnlag og handlingsdel.

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 061/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

"Heradsstyret vedtek med heimel i plan og bygningslova §11-15 kommunedelplan for oppvekst, Osterøy kommune, planID 12532015008 med planbrosjyre, kunnskapsgrunnlag og handlingsdel."

062/19: Små bueiningar Reigstad - ekstrabevilgning

Rådmannen sitt framlegg:

Økonomisk ramme for små bueiningar Reigstad aukast med kr. 3 mill. eks mva.

28.08.2019 FORMANNSKAPET

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert utsett til neste formannskapsmøte. Nye teikningar skal leggjast ved saka. I forkant av møtet skal det vere synfaring på området."

AVRØYSTING - utsetjingsforsalg

Alf Terje Mortensen sitt framlegg: fall med 6 røyster (2AP, 1H, 1SP, 1V, 2FRP)
mot 3 røyster (2FRP, 1MDG).

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Bygget vert fjerna og tomta vert tilbakeført til grøntanlegg. Modulane vert å føre oppatt på eigna tomt og vert nytta som bustader for unge psykisk utviklingshemma som treng bustad/butrening. Om naudsynt vert det ført opp felles del for tilsette/fellesareal i samband med tiltaket. Saka vert å legge fram for rett utval seinare. Subsidiert, dersom dette ikkje let seg gjennomføre, vert modulane lagt ut for sal."

Ordføraren gjorde slikt framlegg:

"Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Ordføraren sitt framlegg - oversending utan innstilling: 6 røyster (2AP, 1MDG 1H, 1SP, 1V)
Alf Terje Mortensen sitt framlegg: 2 røyster (2FRP)

FS - 062/19 VEDTAK:

"Saka vert send til heradsstyret utan innstilling."

063/19: Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS (DIHVA IKS) frå IKS til aksjeselskap

Rådmannen sitt framlegg:

“Osterøy kommune vedtek å ta del ved stiftinga av Vannvest AS. Ordførar får fullmakt til å representera kommunen på stiftingsmøtet, evt peika ut kven som representere kommunen på møtet.

Osterøy kommune vil yta eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.19.

Osterøy kommune trer ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 04.12.19 vert tidspunkt for å tre ut av IKS’et tilsvarande forskjøve.”

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 063/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

"Osterøy kommune vedtek å ta del ved stiftinga av Vannvest AS. Ordførar får fullmakt til å representera kommunen på stiftingsmøtet, evt peika ut kven som representere kommunen på møtet.

Osterøy kommune vil yta eit ansvarleg lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr innbyggjar pr 01.01.19.

Osterøy kommune trer ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 04.12.19 vert tidspunkt for å tre ut av IKS'et tilsvarande forskjøve."

064/19: Vedtak av Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Rådmannen sitt framlegg:

"Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 dagsett 14.08.2019 vert vedteke slik den ligg føre."

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 064/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

"Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 dagsett 14.08.2019 vert vedteke slik den ligg føre."

065/19: Skredsikring Votlo. Orientering om framdrift og kostnader.

Rådmannen sitt framlegg:

“Osterøy kommunen gjennomføre tiltaket med skredsikring som planlagt. Kommunen sin kostnad på kr. 2,4 mill vert finansiert med investeringsmidlar.”

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 065/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

"Osterøy kommunen gjennomføre tiltaket med skredsikring som planlagt. Kommunen sin kostnad på kr. 2,4 mill vert finansiert med investeringsmidlar."

066/19: Ny selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS frå 2020

Rådmannen sitt framlegg:

«Osterøy kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Osterøy kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.»

28.08.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 066/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

«Osterøy kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Osterøy kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.»

067/19: Sak midlertidig unnateke offentlegheit

Andre saker/ spørsmål

Rita Tveiten, AP, stilte spørsmål om den planlagte barnehagetomta på Valestrand. Rådmannen orientere om prosessen kring erverving av tomta. Kommunen er i drøftingar med grunneigar om mellom anna pris.

Alf Terje Mortensen, FRP, stilte spørsmål om begrepsavklaring av konseptet «Omsorg+». Han spurde etter ei felles forståing av kva for pasientgruppe tilbodet «omsorg+» er retta mot. Rådmannen orienterte om saka, og poengterte at «Omsorg+» skal vere retta mot pasientar med omfattande hjelpebehov. I tillegg vart eit skriftleg svar om begrepsavklaring sendt ut.

Til å skrive under møteprotokollen saman med ordføraren vart Johannes Haugland og Johannes Bysheim valde.

Lonevåg, 12.09.19

Marie Koksvik Thorsen
utvalssekretær

Jarle Skeidsvoll
Ordfører

Johannes Haugland

Johannes Bysheim